

Registreringar av fuglelivet i Dyrdal, Aurland, Sogn og Fjordane
2011-2012.

Rapport 17/9 2012.

Anders Braanaas



Anders Braanaas, Grøneng, 6900 Florø

Samandrag.

Dyrdal ligg i Nærøyfjorden verdsarvområde. Området strekkjer seg frå fjord til fjell 1431 m.o.h. Nedslagsfeltet til Dyrdalsvassdraget er om lag 50 km² stort. Skoggrensa ligg i dag på om lag 800 m.o.h.

Området er rikt på ulike biotopar og denne variasjonen gjer også artsmangfaldet og fuglelivet rikt. Nede ved fjorden skapar Dyrdalselvi ei elveslette med dyrka mark og til dels stor lauvskog. Her er rikt fugleliv knytt til både elva, fjorden, kulturlandskapet og skogen. Oppetter liene er både varmekjære blandingskogar, og skrinne rabbar med furuskog. Hovuddalføret frå Dyrdal til støylene på Hjølmo 500 m.o.h. er om lag 5 km langt med gamle kulturlandskap som framleis er opne, gjengrodde hagemarkar, bratte rasmarker, tronge elvegjel og område med gammal furuskog som på Geitskali.

På Hjølmo deler vassdraget seg i tre dalføre; Handadalen, Styvisdalen og Vassete. Vassetefjellet er det mest interessante fjellområdet når det gjeld fuglelivet. Platået 11-1200 m.o.h. har viddepreg, fleire småvatn og myrområde saman med mindre høgdedrag der snøen går tidleg.



Mykje av området er bratt og vanskeleg tilgjengeleg. Elva kan vere stor og elvesuset er forstyrrende når det gjeld å registrere fuglesong.

Heile dalføret er prega av gjengroing med skog og liene vert etterkvart til dels uframkommelege for folk. Bruken av området er radikalt endra sidan 1950. Frå å vere eit beitelandskap med hagemarkar prega av folk og husdyr, er det i ferd med å verte eit gjengrodd landskap med skog og villmark.

Dette har konsekvensar for fugleliv og artsamansetjing.

Hubro og rovfugl som jaktar i lågareliggjande deler av området er særleg skadelidande av gjengroinga og tapet av opne jaktområde.

Det er i perioden 2011-2012 registrert over 91 arter i Dyrdal.

Dette er om lag det same artstalet som i 1983, då det var registrert 93 arter. 19 arter er borte og 17 nye er registrert.

Det er særleg spurvefuglane som er talrike i området med 51 registrerte arter.

Gråspurv, tyrkerdue, bydue og vipe er borte, arter som er særleg knytt til kulturlandskap og folk. Stær vart ikkje observert i 2011/2012.

Hønsefuglane er ikkje lenger vanlege, med unnatak av fjellrypa. Ørnebestanden er god, men for dei andre rovfuglane og uglene er bestandane små eller fråværande, (med etterhald om sviningar.)

Innhald:

Samandrag.

Innhald.

Føremålet med registreringane.

Skildring av området.

Kart.

Verdifulle lokalitetar.

Registreringane.

Metode

Registrering av data

Gjennomgang av dei ulike turane. Rute, værforhold mm

Andre kjelder.

Artsliste

Gjennomgang av dei ulike artane.

Kommentarar til artslista med vurdering av endringar frå 1983-2012

Systematisk artsliste.

Føremålet med registreringane

Registreringane har vore retta mot å få ei oversikt over arter i nedslagsfeltet til Dyrdal. Noko av føremålet har vore å sjå om det er endringar i høve til Gunnar Godø sine registreringar tidleg på 1980 talet. Den gongen vart det registrert 93 arter, av desse var 53 påvist hekkande.

Registeringane er utført av Anders Braanaas på oppdrag frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Dyrdal er besøkt 5 gonger med til saman 11 observasjonsdagar i perioden juli 2011 til juli 2012.

Skildring av området.



Registreringsområdet inntegna med svart strek

Dyrdal ligg i Nærøyfjorden verdsarvområde. Området strekkjer seg frå fjord til fjell 1431 m.o.h. Nedslagsfeltet til Dyrdalsvassdraget er om lag 50 km² stort. Skoggrensa ligg i dag på om lag 800 m.o.h.

Området er rikt på ulike biotopar. Nede ved fjorden skapar Dyrdalselvi ei elveslette med gammal kulturmark og til dels stor lauvskog langsmed elva. Oppetter liene er varmekjære blandingsskogar med hassel bjørk, osp, furu og innslag av lind og alm. Gråor dominerer i dei gamle beitemarkene, og skrinne rabbar med furuskog går over i stupbratte fjellsider som reiser seg 12-1400 meter over fjorden.

Skogane, sør for Dyrdal, er eit område som skil seg frå resten av dalføret. Her er eit lite platå med restar av gamle busetnader og kulturmark. Her er også gammal furuskog, bjørkehagar og store osper som gir spesielle levekår for fuglar.

Hovuddalføret frå Dyrdal til støylane på Hjølmo 500 m.o.h er om lag 5 km langt . Deler av det gamle kulturlandskapet er framleis ope, men store hagemarkar med styvingstre av bjørk er gjengrodde. Bratte rasmarker med tronge elvegjele pregar dalen, men og område med stor gammal furuskog som på Geitskali. Heile vegen er det gamle styvingstre av bjørk og alm.

På stølen Hjølmo deler vassdraget seg i tre dalføre. Handadalen, Styvisdalen og Vassete. Tre dalføre med kvar sine sær preg.

Handadalen er over skoggrensa og karakterartene er steinskvett og heipiplerke som i dei andre fjellområda. Ringtrosten likar seg særleg godt i Handadalen. Opp mot toppane er artsmangfaldet mindre og heilt på toppen av Handadalseggi (1431 m.o.h.) er berre snøspoven og fjellrypa att. Styvisdalen er lang, prega av gjengroing med bjørkeskog og store rasmarker. I bjørkeliane er løvsanger og bokfink dominerande artar. Men både blåstrupe, fossekall og strandsnipe er observert ved elva i dalen.

Vassete er meir variert, sidan ein her finn fiskevatn, myrområde og eit stølsområde med open stølsvoll. Gunnar Godø rapporterte om fleire par hekkande rødstilk ved vatnet, og også fleire ender og smålom. Det kan synast som området er mindre attraktivt for våtmarksfugl idag. Fleire par med sivspurv og strandsnipe hekkar rundt vatnet, stokkand er einaste andefugl registrert.

Vassetefjellet er det mest interessante fjellområdet når det gjeld fuglelivet. Platået 11-1200 m.o.h har viddepreg , fleire småvatn og myrområde saman med mindre høgdedrag der snøen går tidleg. Heilo, raudstilk, strandsnipe og boltit vart registrert saman med heipiplerke og steinskvett.

Her er også rovfugltuer som vitnar om at området har vore eit attraktivt jaktområde.

Mykje av området er bratt og vanskeleg tilgjengeleg. Elva kan vere stor og suset er forstyrrende når det gjeld å registrere fuglesong.

Heile dalføret er prega av gjengroing med skog, og liene vert etterkvart til dels uframkommelege for folk.

Bruken av området er radikalt endra sidan 1950. Frå å vere eit beitelandskap med hagemarkar prega av folk og husdyr er det i ferd med å verte eit gjengrodd landskap med preg av skog og villmark. Dette har konsekvensar for fugleliv og artssamansetjing.

Det er ein stor saueflokk frå Styvi som beiter i området, og dette bidreg til å halde ferdslevegane i dalen opne, men sjølv om flokken tel fleire hundre dyr vert områda for store til at gjengroinga kan reverserast. Saueflokkens vert for liten, rasen Norsk Kvit Sau er ikkje den mest effektive når det gjeld å beite bork og lauv, og skogen er alt vorten for høg til at sauebeitinga i seg sjølv kan opne landskapet på ny. Sauebeitinga har liten effekt nedanfor Drego, då det berre er sommarbeiting og sauene trekkjer raskt opp til dei gode fjellbeita.

Frå Dyrdal til Svili, mellom elva og vegen er det sett opp nytt gjerde og der beiter ein flokk med geit. Dette er eit tiltak som har god effekt og bør utvidast på same tid som ein ryddar ein del skog manuelt.



Her trengst gjerding og geiter på Liarli



Lia langs stølsvegen fra Hjølmo til Vassete (500 m.o.h til 670 m.o.h) var fri for skog så seint som i 1980 iflg. Arild Dyrdal. I dag står bjørkeskogen tett heile vegen.

Anders Braanaas, Grøneng, 6900 Florø

Verdifulle lokalitetar.



Strandlinja i Dyrdal, elvemunningen og fjorden



Laksender ved utlaupet av Dyrdalselva



Kulturlandskapet rundt gardane frå Dyrdal til Drego. Her frå Arnehus ein tidleg maimorgon.

Anders Braanaas, Grøneng, 6900 Florø



Skogsområda og dei gjengrodde beitemarkene på Skogane.



Anders Braanaas, Grøneng, 6900 Florø

Stølsområda.



Vassete 20 mai 2012 over og 17 juli 2011 under





Hjølmo. I klippene til venstre er ein koloni med taksvale.



Hjølmo med syngande bokfink i mai.

Fjellområda.



Handadalen ligg over skoggrensa, ringtrost og steinskvett er karakterartar.



Vassetfjellet med hekkande boltitt. (Bilde teke på mellom Aurland og Lærdal)



Vassetefjellet med Breidskornosi og tjønna.

Metode.

Ut i frå målsetjinga om å få ei oversikt over fuglefaunaen i området har metoden vore å gå gjennom området og observere fugl ved å sjå og lytte til ulike tider på året og ulike tider på døgnet.

Då ein stor del av området er vanskeleg tilgjengeleg, har ein konsentrert seg om å følgje vegen opp gjennom dalen med avstikkarar til særskilt interessante lokalitetar.

Såleis er Elveflata og elvemunningen, Skogane og Geitskali besøkt ved fleire høve.

Alle hovuddalføra er besøkt, Vassete 3 gonger, Styvisdalen 2 gonger og Handadalen ein gong.

Av fjellområde er Skogafjellet og Handadalseggi (1400 m.o.h) besøkt.

Registrering av data.


Alle observasjonar er lagt inn på lokalitet i artsobservasjon.no.

Dyrdal er hovudlokaliet. Ved å gå inn på "vis funn" og søkje på lokaliteten Dyrdal vil ein vidare ved å gå inn på "presenter funn" kunne velje ulike måtar å presentere observasjonane på.

Registreringar av fuglelivet i Dyrdal, Aurland, Sogn og Fjordane 2011-2012

Området er delt inn i ulike lokalitetar:

Dyrdal, Nærøyfjorden, Skogane, Svili, Drægali, Drego, Hjølmo, Handadalen, Styvisdalen, Styvisdalen mot Handadalseggi, Vassetelvi, Vassete, Vassetfjellet, Kolsete, Vassetskaret.



Registreringsområde i Dyrdal inndelt i lokalitetar samsvarande med registreringar på www.artobservasjonar.no.

Meir eksakt posisjon for spesielle observasjonar er gjeve i kommentarar til artslista.

I tillegg til eigne registreringar er artslista også tufta på innhenta informasjon.

Sogn lokallag av NOF hadde ein tur til Dyrdal i mai 2006. Gunnar Bergo har kome med nokre observasjonar av rovfugl. Vidare har lokale folk i Dyrdal bidrige med opplysningars.

Kjelde for observasjon som ikkje er gjort av underteikna, ligg ved i artslista.

Gjennomføring.

Det har i perioden vore 5 besøk i Dyrdal.

Registreringane har gått greitt, men terrengetilhøva, skogen i liene og det til tider overdøyvande elvesuset gjer at det er nokre «blindsoner».

Det var smågnagarår i 2010-2011, men bestanden av lemen i området gjekk til grunne tidleg i 2011 slik at hekkande rovfugl i området hadde lite glede av dette våren og sommaren 2011.

Registreringar av fuglelivet i Dyrdal, Aurland, Sogn og Fjordane 2011-2012

11-12-13/7-2011

Hilde Buer var med.

11/7 Gjekk vegen frå Dyrdal kl 12:45 opp til Hjølmo. Overskya, lette regnbyger. Gjekk vidare inn Styvisdalen på sørsida av elva kl 18:00 til 21:00

Blåstrupe observert ved elva midt inne i dalen.

kl 22:00 - 24:00 Gjekk ned vegen til Dregali og lytta etter ugler (Hubro), ikkje høyrt.

12/7 Gjekk stigen inn til Vassete, vidare inn dalen på sørsida av elva. Langs med bekken opp Kolsetbakkane til Vassetebotn, vidare ryggen opp Vassetfjellet, rundt vatna på toppen av Vassetfjellet via Breiskrednosi med retur til Vassete og Hjølmo 9:30 - 21:00.

Fjellvåk hørt i Styvisdalseggi frå Vassete.

13/7 Gjekk ned frå Hjølmo til Dyrdal 05:30-09:00 Registrerte fugl i Dyrdal til kl 14:45 Nøttekråke hørt i Dyrdal i lia vest for sentrum.

23/10-2011

Båt med Kristoffer Ullern Hansen (SNO) frå Aurland kl 08:30

Hilde Buer var med.

Gjekk vegen opp til Drego, ned att gamlevegen på austsida av elva til Dyrdal.

Kongeørn over Handadalseggi.

Gjekk vidare lia ut til Skogane og tilbake ned langs sjøen. Retur Aurland 15:00

Dvergspett hørt på Skogane vest for gammal buplass.

Spurvehauk observert i Dyrdal.

9-10/3-2012

9/3 Kom 16:15. Gjekk opp vegen til Geitskali.

Observert og lytta til 22:00

Bra værforhold. 10 grader og delvis skya.

Gjekk roleg ned att til Dyrdal.

Ikkje hørt Hubro eller andre ugler.

10/3 Gjekk lia ut til Skogane kl 07:00 og tilbake langs med stranda.

Flaggspett og Grønnspett vart observert.

3 gjerdesmett overvintrande.

9:00 Ny tur til Svidli. Snø i vegen derfrå, elles bert og fint. Yr og regn frå kl 09:00

Gamlevegen på austsida av vegen ned att.

19-20-21/5-2012

19/5 Gjekk frå Dyrdal til Drego 15:00-18:00

2 Teist sokjande etter næring ved elveosen.

Ein hönsehauk hann ved Svili.

Roleg ned att til Dyrdal.

To par Gråfluesnapper og 3 syngande buskskvett i Dyrdal.

20/5 Gjekk gjennom lia til Skogane. Ned og tilbake langs stranda 04:15- 06:15

Hagesanger og 2 gulsangere på Skogane.

Spelande Orrhane i hamrane høgt over Skogane.

Gjekk vegen frå Dyrdal til Hjølmo. 07:00- 11:00

Syngande sivspurv hann på Hjølmo.

Vidare stølsvegen til Vassete. 11:00 - 13:00 Mykje snø frå Hjølmo, og jamt snødekkje på Vassete,

Registreringar av fuglelivet i Dyrdal, Aurland, Sogn og Fjordane 2011-2012

likevel full vårsong og mykje spurvefugl langs heile dalen.

Ringtrost syngande i lia vest for elva.

Interessant obs av 2 polarsisik i flokk med gråsisik på Vassete.

3 syngande sivspurv hannar på Vassete. 4 syngande bjørkefink.

Min 5 fossekall observert langs vassdraget frå Dyrdal til Vassete.

Gjekk roleg ned att til Hjølmo og tok ein tur opp i Styvisdalen på nordsida av elva.

Stor tettleik av syngande løvsongar. Opptil 15 hørt på same tid i lia nord for Hjølmo.

Gulsanger syngande hann .

20 taksvale på plass i klippene under Handadalseggi.

Ein jaktfalk kom flygande ned dalen frå Vassete og passerte Hjølmo med ein hale av gråtrost.

Forsvann i retning Drego.

Ned vegen til Dyrdal kl 21:00.

9 laksender ved utløpet av elva.

21/5

Gjekk frå Dyrdal til Drego og ned att 04:30 - 09:00 . Nøttekråke 1 ind ved vegen i svingen nedanfor Drego.

Vidare observasjon i Dyrdal utover formiddagen.



Gulsanger på Hjølmo 20/5 - 2012.



Trekryper nyleg utflogen unge ved elva i Dyrdal 21/5-2012

Nyleg utfloge kull med 4 trekryper. Mata av foreldra på elveflata i Dyrdal.

2 Ringdue i Dyrdal.

16-17/7 - 2012

16/7 Gjekk frå Jordalen opp Breidalen over Vassetskaret, vidare ned gjennom dalen til Vassete med ein tur oppom Vassetbotn. 15:00 - 20:00 Været var grått med skodde i toppane og noko regn.

Tårnfalk i Vassetskaret.

Mykje heipiplerke og steinskvett i skaret.

Ein blåstrupe varslande og engstelig like før Støylane på Vassete.



Blåstrupe ved Vassete, varslande engstelig den 16/7-2012

Observerte rundt Vassetevatnet og gjekk ned til Hjølmo for overnatting.

17/7 Gjekk frå Hjølmo 06:00 Overskya lette regnbyger og skodde over 1200 m.o.h. Ikkje ideelle forhold. Hadde håpa på betre vær for å registrere rovfugl i høgfjellet.

Opp gjennom skaret til Handadalen. Registrert 2 varslande gulsongar i lia opp mot skaret.

Minst 8 varslande ringtrost i Handadalen.

Ferske spor av fjellrype på snøfonnene opp mot Handadalseggi. 2 fjellrype m kull, 1 snøspurv og 2 varslande heilo observert mot og på toppen.

Gjekk så vidare i tjukk skodde på kompass over fjellet til Fresvikvarden og ned att. Særs mykje snø!

Andre kjelder.

Torbjørn Hasund, Johannes Aanonby mfl referat frå tur til Dyrdal - Drego den 27-28 /5 -2006 (TH mfl) (Observasjonar delvis registrert i artsdatabanken.)

Gunnar Bergo, (GB)

Artsobservasjonar.no

Lokale kjelder:

Pascale Baudonell, Undredal (PB)

Arild Dyrdal, Dyrdal (AD)

Gunnstein Ohnstad, Dyrdal (GO)

Anders Tønder Henriksen, Dyrdal (ADr)

Kommentarer til Artslista.

Gunnar Godø skriv i sin rapport frå 1983 at «dei mest talrike artane i området er rovfuglane, hønsefuglane og spurvefuglane»

I dag er det tvillaust spurvefuglane som dominerer i artsbiletet med 51 arter. Hønsefuglane er ikkje lenger vanlege, med unnatak av fjellrypa. Ørnebestanden er god, men for dei andre rovfuglane og uglene er bestandene små eller fråværande, (med forbehold om svingningar.)

Det er i prosjektet registeret 91 arter i Dyrdal.

Anders Braanaas har registrert 78

Andre observatørar: 13

Vidare er det i nærområdet til Dyrdal observert ytterlegare 13 arter:

Kanadagås (Bakka 2012) , Gråhegre (Undredal 2012, PB) , Musvåk (Undredal 2012 PB), Dvergfalk (Undredal 2012 PB) , Brushane (Jordalen 2011 Rein Arne Golf) , hettemåke (Beitelen 2012) , Svartbak (Undredal 2012 PB), haukugle (Jordalen 2010), enkeltbekkasin (Jordalen 2012) Lappspurv (Atlasprosjektet), Gulspurv (Gudvangen 2011, Vegard Bunes), sidensvans (Undredal 2011 PB), grønnfink (Undredal 2012 PB)

9 av artene står på Raudlista:

Hønsehauk (NT), jaktfalk (NT), strandsnipe (NT) fiskemåke (NT), bergirisk (NT) stær (NT) ikkje sett 2011-2012, makrellterne (VU) ikkje sett 2011-2012, teist (VU) og hubro (EN) ikkje registeret 2011-2012.

5 arter på raudlista er borte frå Dyrdal sidan 1983:

Bergand (VU) , storlom (NT), vipe (NT), tyrkerdue (VU), tårnseglar (NT),

Andefuglar.

Området rundt utlaupet av elva i Dyrdal, og fjorden utanfor er viktigaste habitat for andefugl.

Stokkand og siland er hekkande arter.

Laksand og toppand er registrert i 2012.

Kvinand vart registrert 27/5 2006 .(TH mfl)

Krikkand 28/5-2006 (TH mfl) og stokkand i Vassetevatnet.

Bergand og brunnakke er ikkje observert

Hønsefuglar

Lirype, eit kull i Vassete hausten 2011. (Anders på Drego)

Fjellrype, ein flokk på ca 25 fugl skremt ut av rovfugl over Styvisdalsegga juli 2011. Eit kull på Handadalseggi juli 2012.

Orrfugl, ein hane høyrt mai 2012 spelande i furuskogen over Skogane.

Bestanden er i følgje lokale kjelder gått mykje tilbake.

Storfugl er ikkje registrert dei seinare år, men kan likevel vere i furuskogane høgt i liene.

Lommar.

Storlom og smålom er ikkje observert i perioden. Vassetevatnet og Vassetebotnvatnet vart undersøkt i hekkesesongen 2011 og 2012.

Vassetevatnet er rikt på fisk og burde vere mogeleg hekkeplass for både lomar og dykkender.

Registreringar av fuglelivet i Dyrdal, Aurland, Sogn og Fjordane 2011-2012

Det er opplyst at fugl er teke i garn i vatnet, truleg kan dette vere ei årsak til at korkje lomar eller dykkender vart registrert i perioden.

Storkefuglar

Gråhegre er ikkje observert i perioden, men dette er nok tilfeldig. Opptrer regelmessig langs fjorden vinterstid.

Skarvar.

Storskav observert i Dyrdal heile vinteren 2011-12. Om lag 5 ind rastande på kaia i Dyrdal. (AD) Ny art sidan 1983.

Haukfuglar

Gjengroinga har ført til därlegare jaktforhold i områda under skoggrensa, og spesielt i hovuddalføret frå Hjølmo og ned. Skogen gjer det også vanskelegare å registrere evt rovfugl i området , slik at ein del av artane kan vere tilstades i større omfang enn observasjonane tyder på. Dette gjeld både spurvehauk, hönsehauk, tårfalk og dvergfalk (sistnemde ikkje registrert 2011-2012)

Havørn.

Observert 9/3-2012. Observert regelmessig om vinteren. (AD og GH)

Det skal vere hekkeplassar for havørn litt lengre ute i fjorden, ved Sagfossen og Beitelen.


Spurvehauk og Hönsehauk

Ein observasjon av kvar. Hekking ikkje påvist, men obervasjonen av hönsehauk var i hekketida 19/5-2012.

Fjellvåk.

Ein observasjon. Fjellvåk hørt ved Vassete, frå Styvisdalseggi 12/7- 2011.

Fjellvåken har gått sterkt tilbake i heile Sør Noreg, og er i dag ikkje noko vanleg rovfugl i fjellet i Sogn og Fjordane.



Kongeørn ungfugl (2K) over Handadalen 20.mai 2012. (Bilde frå ein annan plass i fylket.)

Anders Braanaas, Grøneng, 6900 Florø

Registreringar av fuglelivet i Dyrdal, Aurland, Sogn og Fjordane 2011-2012

Kongeørn

Gammal hekkelokalitet. Kongeørn er observert regelmessig i området 2011-2012.

2 vaksne fuglar i par observert i Dyrdal 9/3 2012.

Kongeørn er truleg framleis hekkande i området.

Tårnfalk.

Ein observasjon i Vassetskaret juli 2012. Også observert ved Vassete støylen, 2 ind sommer/haust 2011 av Anders på Drego.

Jaktfalk.

To observasjonar. Ungeskrik truleg hørt i Vassetebotnen i 12/7- 2011. Ein fugl sett ved Hjølmo mai 2012.

Anders på Drego såg jaktfalk jage fjellrype ved Breiskornosi 11/9-2011 og elles ved fleire høve observert under rypejakt.

Jaktfalk er truleg hekkande i området.



Fiskemåke er vanlegaste måkefugl og følgjer i stort antal folkestraumen langs fjorden.

Vade - måke - og alkefugler

Viktigaste habitat for fleire av desse artane er området langs med fjorden. Elles er Vassetevatnet og Vassetfjellet med tjønna og viddene rundt viktige leveområde for mange av vadefuglane.

Tjeld tre par hekkande i Dyrdal 2012.

Strandsnipe hekkande både ved fjorden 3 ind 20/5-2012, ved Vassete 5 ind 16/7-2012, på Vassetfjellet 12/7-2011 og i Styvisdalen 11/7-2011.

Registreringar av fuglelivet i Dyrdal, Aurland, Sogn og Fjordane 2011-2012

Heilo obs Vassetefjellet og Handadalseggi .

Boltit hekkande på Vassetefjellet. Ny art sidan 1983.

Rugde trekkande over Hjølmo 11/7-2011.

Raudstilk vart omtala som talrik ved Vassetevatnet av Gunnar Godø. Den vert ikkje registrert her i 2011/12, men eit ind vart observert 12/7-2011 ved tjønna på Vassetefjellet, truleg hekkande her. Skogsnipe 1 ind ved Vassete 8/8-2010 (Ola Moen) truleg på trekk.

Enkeltbekkasin er ikkje registrert i 2011/12, men kan godt vere tilstades i egna lokalitet på Vassete.

Fiskemåke fleire par hekkande ved fjorden og utlaupet av elva.

Gråmåke 1 2K+ observert ved kaia 19-21/5- 2012

Hettemåke var registrert som påvist hekkande i 1983. Den er ikkje registeret i Dyrdal no, men to ind observert ved Beitelein 19/5-2012.

Sildemåke og svartbak ikkje observert i perioden

Teist 2 ind observert næringssökande utanfor elvemunningen i Dyrdalselva 19-20/5-2012.

Hekkar lengre ute i fjorden. Ny art sidan 1983.

Duefuglar

2 ringdue observert Dyrdal 20-21/5-2012 . Truleg hekkande

Både tyrkerdue og bydue(klippedue) manglar frå lista til Gunnar Godø.

Gaukfuglar

Gauk 5 ind høyrd mellom Dyrdal og Vassete 20/5-2012

Ugler

Hubro.

Dyrdal er omtalt som tilhaldstad for hubro frå gammalt, Geitskali. Siste trulege observasjon er frå ca 2006 då Gunnstein Onstad såg ein ugle sittande i ei mast i Dyrdal under hjortejakta.

Hubro er ikkje registerert i 2011 -2012.

Ein har lytta etter ungeskrik, (juli 2011) og rop (mars 2012) utan positivt resultat.

Ein kan likevel ikkje avskrive hubroen frå området, då han kan vere stillfarande og også fråverande enkelte år, for så å kome attende til kjende hekkeplassar.

Hubroen, så vel som mange av dei andre rovfuglane er avhengige av opne område for å jakte.

Gjengroinga i liene er eit alvorleg trugsmål mot hubroen i Dyrdal og dei indre fjordbygdene, sidan han i liten grad jaktar over skoggrensa.

Kattugle.

Arild Dyrdal vart møtt av ei ugle som mest truleg av kattugle i ei uteløe på Geitskali i 2008.

Kattugle er elles hørt (2006 Hasund m.fl.) og funnet i ei pipe i Dyrdal.

Ikkje observert 2011 og 2012.

Jordugle.

1 ind observert på Vassete hausten ca 2005. (G.B)

Seglere

Tårnseiler ikkje observert 2011 og 2012

Truleg tilfeldig observasjon også i 1983.

Spettefugler

Viktige habitat for spettefuglane er Skogane med til dels gammal blandingsskog med innslag av store osper, bjørk og eldre furuskog. Også i langs vegen og i liene fra Dyrdal til Drego er det spor av spetter.

Grønnspekk hørt Skogane mars og mai 2012

Flaggspett 1 ind skogane mars 2012

Dvergspett 1 ind hørt Skogane mars 2012

Kvitryggspett ikkje sett, men spor etter næringssøk både på Geitskali og Skogane

Gråspett ikkje observert i perioden.

Sporvefugler

51 ulike arter av sporvefugl er registrert.

Heile hovuddalføret og Skogane er rike på spurvefugl. Det er særleg rundt kulturlandskapet langs vegen fra Dyrdal til Drego at mangfaldet av artar er stort.

Dei mest talrike sporvefuglane i Dyrdal er Løvsanger, heipiplerke og bokfink

Endringar frå 1983 til 2012:

Av artar som var registrert i 1983 mangler: sidensvans, nøtteskrike, grønnfink, grankorsnebb og furukorsnebb (ingen av desse var påvist hekkande i 1983) og sidan fleire av desse artane opptrer invasjonsarta, og mest haust og vinter, er det truleg at dei framleis vil opptre i området.

Av nye arter sporvefugl er registrert: låvesvale, taksvale med koloni i klippene under Handadalsnuten, blåstrupe hekkande i Vassete og Styvisdalen, gulsaenger med fleire hekkande par frå Dyrdal til Hjølmo, munk til dels talrik frå Dyrdal til Drægo, bøksanger 28/5-2006 ved Drægo (TH mfl), fuglekonge i storgranene i Dyrdal, brunsisik i relativt stort tal, og 2 ind polarsisik 20/5-2012 i lag med gråsisik ved Vassete.

Trekryper og stjertmeis, løvmeis, kjøttmeis, spettmeis er påvist hekkande.

Skjære uregelmessig hekkefugl i Dyrdal. Ikkje observert i 2012.

Nøttekråke ganske sikkert hekkande. Observert i 2011 og 2012.

Øvrige spurvefugl:

Heipiplerke er vanlegaste art i øvre del av fjellskog og høgfjell opp til 1300 m.o.h.

Trepiplerke fra Skogane til Vassete, mest talrik i området rundt Drego.

Linerle hekker rundt gardar og stølvollar frå Skogane og Dyrdal til Vassete. Min 7 par 2012

Fossekall er registrert langs elva frå fjorden til langt opp i bjørkebeltet. 5-10 hekkande par.

Gjerdesmett er særleg talrik i elvegjelet mellom Dregali og Drego. Men er registrert frå Skogane til Hjølmo. 4 ind overvintrande obs 10/3-2012.

Jernspurv, spreidt frå Dyrdal til Vassete og Styvisdalen. 5 syngande hannar 20/5-2012

Rødstrupe vanleg frå Skogane til Vassete, likar seg elvegjelet mellom Svili og Drego.

Blåstrupe min 3 par hekkande i Vassete og Styvisdalen.

Buskskvett 3 par i Dyrdal og et par på Drægali 20-21/5-2012.

Registreringar av fuglelivet i Dyrdal, Aurland, Sogn og Fjordane 2011-2012

Steinskvett er registrert frå Hjølmo, men i størst tal på snaufjellet. Såleis vart 10 ind registrert varslande på Vassetfjellet 12/7-2011.

Ringtrost er vanleg høgt i liene under fjellet i heile dalføret, men størst tettleik vart registrert i Handadalen 17/7-2012 med 8 ind varslande engstelig.

Svarttrost er vanleg opp til Hjølmo.

Gråtrost er påvist i koloniar ved Drego og Hjølmo, og elles i heile området spreidt.

Rødvingetrost og måltrost er vanleg i heile dalføret frå Drego og oppover til skoggrensa.



Ringtrost mot Styvisdalseggi 20/5-2012

Registreringar av fuglelivet i Dyrdal, Aurland, Sogn og Fjordane 2011-2012

Gulsanger på Skogane, Dyrdal , Drægali og Hjølmo/Styvisdalen med min 6 par 2012

Møller hørt Drego 13/7-2011

Hagesanger spreidt frå Skogane til Drego, ikkje så vanleg som munk.

Munk vanleg frå Skogane til Hjølmo, 9 syngande hannar mellom Dyrdal og Svili 21/5-2012.

Bøksanger observert Drego 28/5-2006 (TH mfl)

Gransanger vanleg mellom Dyrdal og Drego og på Skogane, 9 syngande hannar 21/5-2012

Løvsanger, observert i heile dalføret til skoggrensa. Særskilt stor tettleik av syngande løvsanger vart registrert på nordsida av elva nede i Styvisdalen der minst 15 hannar vart høyrd syngande frå same lyttepost den 20/5-2012.

Fuglekonge observert vår og haust. Truleg hekkande.

Svarthvit fliesnappar vanleg mellom Skogane/Dyrdal til Hjølmo. Min 12 syngande hannar

20/5-2012

Grå fliesnapper observert på Svili, Drægali og ovnanfor Hjølmo 19-20/5-2012

Av meisene er kjøttmeis, granmeis og blåmeis mest talrike, løvmeis er stasjonær i lokaliteten på elvesletta i Dyrdal og på Skogane. Granmeisa tar over lengre opp i dalen. Stjertmeis er registrert med utflogne ungar på Svili juli og oktober 2011.

Spettmeis er stasjonær i Dyrdal, og toppmeis observert på Skogane 23/10-2011

Trekrypar med nyleg utflogne ungar på elvesletta i Dyrdal 21/5-2012.

Av kråkefuglane er Skjære hekkende, men ikkje observert i 2012, nøttekråke truleg hekkande , kråke med 2 reir ved Stranda 2012 og ramn observert.

Stær sist observert på Drægo 22/9-2000. Ikkje så vanleg i indre Sogn , men rapportert hekkande i 1983. Fuglekasser burde vore sett opp i Dyrdal og på Drego!

Gråspurv sist observert 27/5-2006 (TH mfl) (Usikker på om denne observasjonen var i Dyrdal eller eit anna sted i Aurlandsfjorden.) Uansett er arten borte som hekkefugl i Dyrdal.

Bokfink er særleg talrik i området fra Drego til Vassete, men hekkar heilt frå fjorden til skoggrensa. Over 20 syngande hanner registrert i nedre del av Styvisdalen (nord for elva) 20/5-2012.

Bjørkefink observert frå Hjølmo og oppover. 4 ind sang spill ved Vassete 20/5-2012.

Grønnsisik vanleg frå Skogane/Dyrdal til Vassete.

Bergirisik 3 observasjonar mai og Juli 2012

Gråsisik og Brunsisik vanleg frå Drægali og oppover til skoggrensa. Mange observasjonar av Grå/brunsisik ikkje sikkert artsbestemt. Ein kan gå ut i frå at begge artane hekker .

Polarsisik 2 ind observert i flokk med gråsisik på Vassete 20/5-2012 .

Dom pap 2 ind obs 23/10-2011

Snøspurv 1 ind obs Handadalseggi 17/7-2012

Sivspurv vanleg hekkande på Hjølmo og Vassete. Fleire par.

Vurdering av endringar frå 1983.

Det er ikkje lett å gje eintydige svar på korleis bestanden av dei ulike artane har utvikla seg ut i frå tidlegare registreringar.

Ein del arter på lista frå 1983 er ikkje registrert i 2011 til 2012, dette er:

Brunnakke, bergand, storfugl, smålom, storlom, gråhegre, dvergfalk, vipe, enkeltbekkasin, hubro () sildemåke, svartbak, bydue (klippedue), tårnsegler, gråspett, sidensvans, nøtteskrike, grønnfink, grankorsnebb og furukorsnebb .

Totalt 20 artar.

Nokre nye er kome til:

Kanadagås (ved Bakka 2011), toppand, storskav, havørn, boltit, skogsnipe (2006 O Moen), teist, jordugle (2005 G Bergo), låvesvale (2006 T Hasund mfl), taksvale, blåstrupe, gulsanger, munk, bøksanger (2006 T Hasund mfl), fuglekonge, brunsisik og polarsisik.

Totalt 17 artar.

Dette kan grunna seg i endringar som har skjedd i landskapet, svingingar i bestanden av ulike arter, eller reint tilfeldig mangelfulle registreringar både i 1983 og no.

Ein del arter, til dømes storfugl, rovfuglar, ugler, spetter og korsnebber kan vere vanskeleg å oppdage utan å opphalde seg i området over lengre tid. At ein del av desse mangler på artslista, eller er observert i små tal, treng ikkje tyde på at dei er fråværande i området.

Endringane i kulturlandskapet dei siste 60 åra har truleg stor innverknad på fuglelivet i området.

Hagemarkane med styvingstre og slåtteteiger oppetter liene er i dag heilt gjengrodd med skog.

Jaktforholda for mange av rovfuglane er därlegare.

Samstundes er forholda for mange av spurvefuglane betre. Songarane og ein del av trastefuglane og meisene har fått gode levekår. Gulsanger, munk og bøksanger er nye artar sidan 1983. Sameleis med blåstrupe som likar seg i fjellbjørkeskogen i dalføra Vasset og Styvisdalen.

Spettane burde etterkvert finne gode habitat i skogen som veks opp og vert skada av vind og snøras.

Registreringar av fuglelivet i Dyrdal, Aurland, Sogn og Fjordane 2011-2012



Gråsisik et på gråorkonglar. Mange finkefuglar finn mat i liene som er grodd igjen med gråor.



Tre par tjeld hekkar ved fjorden i Dyrdal

Artstiliste

x = observert i perioden 2011-2012 utanom hekkesesongen

x)= observert utanfor Dyrdal, eller av andre observatørar i Dyrdal 2000-2011

A= Observert i hekkesesongen utan indikasjon på hekking

B= Mogeleg hekking

C= Sannsynleg hekking

D= Konstatert hekking

x = Frå Gunnar Godø si liste tyder observert

xH=Frå Gunnar Godø si liste tyder hekking påvist

Raudliste - kriterium	Norsk Namn	Vitskapleg namn.	Registerert i Dyrdal 2000-2012 A.Braanaas	Regisrtiert i Dyrdal 1980-1984 . G.Godø
NA	<u>Kanadagås</u>	<u>Branta canadensis</u>	x) Bakka 2011	
LC	<u>Brunnakke</u>	<u>Anas penelope</u>		x
LC	<u>Krikkand</u>	<u>Anas crecca</u>	B)28/5-2006 (TH mfl)	x
LC	<u>Stokkand</u>	<u>Anas platyrhynchos</u>	C	xH
LC	<u>Toppand</u>	<u>Aythya fuligula</u>	A	
VU	<u>Bergand</u>	<u>Aythya marila</u>		x
LC	<u>Kvinand</u>	<u>Bucephala clangula</u>	A)28/5-2006	x
LC	<u>Siland</u>	<u>Mergus serrator</u>	C	xH
LC	<u>Laksand</u>	<u>Mergus merganser</u>	A	x
LC	<u>Lirype</u>	<u>Lagopus lagopus</u>	D	xH
LC	<u>Fjellrype</u>	<u>Lagopus muta</u>	D	xH
LC	<u>Orrfugl</u>	<u>Tetrao tetrix</u>	B	xH
LC	<u>Storfugl</u>	<u>Tetrao urogallus</u>		xH
LC	<u>Smålom</u>	<u>Gavia stellata</u>		x
NT	<u>Storlom</u>	<u>Gavia arctica</u>		x
LC	<u>Storskarv</u>	<u>Phalacrocorax carbo</u>	x) Vinterobs av Arild Dyrdal	
LC	<u>Gråhegre</u>	<u>Ardea cinerea</u>	x) Undredal 2012 (PB)	x
LC	<u>Havørn</u>	<u>Haliaeetus albicilla</u>	x	
NT	<u>Hønsehauk</u>	<u>Accipiter gentilis</u>	B	xH
LC	<u>Spurvehauk</u>	<u>Accipiter nisus</u>	x	xH

Registreringar av fuglelivet i Dyrdal, Aurland, Sogn og Fjordane 2011-2012

Raudliste - kriterium	Norsk Namn	Vitskapleg namn.	Registerert i Dyrdal 2000-2012 A.Braanaas	Regisrtiert i Dyrdal 1980-1984 . G.Godø
LC	<u>Musvåk</u>	<u>Buteo buteo</u>	x) Undredal 2012 (PB)	
LC	<u>Fjellvåk</u>	<u>Buteo lagopus</u>	B	xH
LC	<u>Kongeørn</u>	<u>Aquila chrysaetos</u>	C	x
LC	<u>Tårnfalk</u>	<u>Falco tinnunculus</u>	B x)28/5-2006	xH
LC	<u>Dvergfalk</u>	<u>Falco columbarius</u>	x) Undredal 2012 (PB)	xH
NT	<u>Jaktfalk</u>	<u>Falco rusticolus</u>	B	x
LC	<u>Tjeld</u>	<u>Haematopus ostralegus</u>	D	x
LC	<u>Boltit</u>	<u>Charadrius morinellus</u>	D	
LC	<u>Heilo</u>	<u>Pluvialis apricaria</u>	C	xH
NT	<u>Vipe</u>	<u>Vanellus vanellus</u>		xH
VU	<u>Brushane</u>	<u>Philomachus pugnax</u>	X) Jordalen 2011 (RAG)	
LC	<u>Enkeltbekkasin</u>	<u>Gallinago gallinago</u>	x)Jordalen 2012	xH
LC	<u>Rugde</u>	<u>Scolopax rusticola</u>	B	xH
LC	<u>Rødstilk</u>	<u>Tringa totanus</u>	B	xH
LC	<u>Skogsnipe</u>	<u>Tringa ochropus</u>	x) 2006 (Moen)	
NT	<u>Strandsnipe</u>	<u>Actitis hypoleucos</u>	D	xH
	<u>Hettemåke</u>	<u>Chroicocephalus ridibundus</u>	X)Beitelen mai 2012	xH
NT	<u>Fiskemåke</u>	<u>Larus canus</u>	D	xH
LC	<u>Sildemåke</u>	<u>Larus fuscus</u>		x
LC	<u>Gråmåke</u>	<u>Larus argentatus</u>	A	x
LC	<u>Svartbak</u>	<u>Larus marinus</u>	x) Undredal 2012 (PB)	x
VU	<u>Makrellterne</u>	<u>Sterna hirundo</u>	A)28/5-2006 (TH mfl)	x
VU	<u>Teist</u>	<u>Cephus grylle</u>	A	
	<u>Bydue</u>	<u>Columba livia</u>		x
	<u>Ringdue</u>	<u>Columba palumbus</u>	C	xH
VU	<u>Tyrkerdue</u>	<u>Streptopelia decaocto</u>		x
LC	<u>Gjøk</u>	<u>Cuculus canorus</u>	C	xH
EN	<u>Hubro</u>	<u>Bubo bubo</u>	x)	x

Registreringar av fuglelivet i Dyrdal, Aurland, Sogn og Fjordane 2011-2012

Raudliste - kriterium	Norsk Namn	Vitskapleg namn.	Registerert i Dyrdal 2000-2012 A.Braanaas	Regisrtiert i Dyrdal 1980-1984 . G.Godø
LC	Haukugle	<i>Surnia ulula</i>	X) Jordalen 2010	
LC	Kattugle	<i>Strix aluco</i>	B)28/5-2006	x
LC	Jordugle	<i>Asio flammeus</i>	X) ca 2005 haust. Vassete (G.Bergo)	
NT	Tårnseiler			x
LC	Gråspett	<i>Picus canus</i>		xH
LC	Grønnspett	<i>Picus viridis</i>	B	xH
LC	Flaggspett	<i>Dendrocopos major</i>	B	x
LC	Hvitryggspett	<i>Dendrocopos leucotos</i>	B) Spor	x
LC	Dvergspett	<i>Dendrocopos minor</i>	B	x
LC	Låvesvale	<i>Hirundo rustica</i>	A)28/5-2006 (TH mfl)	
LC	Taksvale	<i>Delichon urbicum</i>	D	
LC	Trepiplerke	<i>Anthus trivialis</i>	C	xH
LC	Heipiplerke	<i>Anthus pratensis</i>	D	xH
LC	Linerle	<i>Motacilla alba</i>	D	xH
LC	Sidensvans	<i>Bombycilla garrulus</i>		x
LC	Fossekall	<i>Cinclus cinclus</i>	C	xH
LC	Gjerdesmett	<i>Troglodytes troglodytes</i>	C	xH
LC	Jernspurv	<i>Prunella modularis</i>	C	xH
LC	Rødstrupe	<i>Erythacus rubecula</i>	D	xH
LC	Blåstrupe	<i>Luscinia svecica</i>	C	
LC	Buskskvett	<i>Saxicola rubetra</i>	C	xH
LC	Steinskvett	<i>Oenanthe oenanthe</i>	C	xH
LC	Ringtrost	<i>Turdus torquatus</i>	C	xH
LC	Svarttrost	<i>Turdus merula</i>	C	xH
LC	Gråtrost	<i>Turdus pilaris</i>	D	xH

Registreringar av fuglelivet i Dyrdal, Aurland, Sogn og Fjordane 2011-2012

Raudliste - kriterium	Norsk Namn	Vitskapleg namn.	Registerert i Dyrdal 2000-2012 A.Braanaas	Regisrtiert i Dyrdal 1980-1984 . G.Godø
LC	<u>Måltrost</u>	<u>Turdus philomelos</u>	C	xH
LC	<u>Rødvingetrost</u>	<u>Turdus iliacus</u>	C	xH
LC	<u>Gulsanger</u>	<u>Hippolais icterina</u>	C	
LC	<u>Møller</u>	<u>Sylvia curruca</u>	B	x
LC	<u>Hagesanger</u>	<u>Sylvia borin</u>	B	x
LC	<u>Munk</u>	<u>Sylvia atricapilla</u>	B	
LC	<u>Bøksanger</u>	<u>Phylloscopus sibilatrix</u>	B)28/5-2006	
LC	<u>Gransanger</u>	<u>Phylloscopus collybita</u>	C	xH
LC	<u>Løvsanger</u>	<u>Phylloscopus trochilus</u>	D	xH
LC	<u>Fuglekonge</u>	<u>Regulus regulus</u>	B	
LC	<u>Gråfluesnappe</u>	<u>Muscicapa striata</u>	C	xH
LC	<u>Svarthvit fluesnapper</u>	<u>Ficedula hypoleuca</u>	C	xH
LC	<u>Stjertmeis</u>	<u>Aegithalos caudatus</u>	D	x
LC	<u>Løvmeis</u>	<u>Poecile palustris</u>	C	x
LC	<u>Granmeis</u>	<u>Poecile montanus</u>	C	xH
LC	<u>Toppmeis</u>	<u>Lophophanes cristatus</u>	B	x
LC	<u>Blåmeis</u>	<u>Cyanistes caeruleus</u>	C	xH
LC	<u>Kjøttmeis</u>	<u>Parus major</u>	D	x
LC	<u>Spettmeis</u>	<u>Sitta europaea</u>	B	x
LC	<u>Trekryper</u>	<u>Certhia familiaris</u>	D	x
LC	<u>Nøtteskrike</u>	<u>Garrulus glandarius</u>		x
LC	<u>Skjære</u>	<u>Pica pica</u>	D	xH
LC	<u>Nøttekråke</u>	<u>Nucifraga caryocatactes</u>	B	x
LC	<u>Kråke</u>	<u>Corvus cornix</u>	D	xH
LC	<u>Ravn</u>	<u>Corvus corax</u>	C	xH
NT	<u>Stær</u>	<u>Sturnus vulgaris</u>	x)Drægo22/9-2000 (K Toska)	xH

Registreringar av fuglelivet i Dyrdal, Aurland, Sogn og Fjordane 2011-2012

Raudliste - kriterium	Norsk Namn	Vitskapleg namn.	Registerert i Dyrdal 2000-2012 A.Braanaas	Regisrtet i Dyrdal 1980-1984 . G.Godø
LC	Gråspurv	<u><i>Passer domesticus</i></u>	x)28/5-2006 (TH mfl)	xH
LC	Bokfink	<u><i>Fringilla coelebs</i></u>	D	xH
LC	Bjørkefink	<u><i>Fringilla montifringilla</i></u>	C	xH
LC	Grønnfink	<u><i>Carduelis chloris</i></u>	x)Undredal 2012 (PB	x
LC	Grønnsisik	<u><i>Carduelis spinus</i></u>	C	xH
NT	Bergirisk	<u><i>Carduelis flavirostris</i></u>	C	xH
LC	Grásisik	<u><i>Carduelis flammea</i></u>	C	xH
	Brunsisik	<u><i>Carduelis cabaret</i></u>	C	
LC	Polarsisik	<u><i>Carduelis hornemanni</i></u>	x	
LC	Grankorsnebb	<u><i>Loxia curvirostra</i></u>		x
LC	Furukorsnebb	<u><i>Loxia pytyopsittacus</i></u>		x
LC	Dompap	<u><i>Pyrrhula pyrrhula</i></u>	A	x
LC	Lappspurv	<u><i>Calcarius lapponicus</i></u>	x)Atlas	
LC	Snøspurv	<u><i>Plectrophenax nivalis</i></u>	B	x
LC	Gulspurv	<u><i>Emberiza citrinella</i></u>	x)Gudvangen 2011	
LC	Sivspurv	<u><i>Emberiza schoeniclus</i></u>	C	xH